

KOMMISJONSVEDTAK

2013/EØS/38/13

av 20. august 2007

om endring av vedtak 2003/634/EF om godkjenning av program med sikte på å gje soner og oppdrettsanlegg i soner som ikkje er godkjende, status som godkjende med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN)(*)

[meldt under nummeret K(2007) 3902]

(2007/570/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 91/67/EØF av 28. januar 1991 om krav til dyrehelse ved omsetning av akvakulturdyr og akvakulturprodukter⁽¹⁾, særleg artikkel 10 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I medhald av direktiv 91/67/EØF kan ein medlemsstat leggje fram for Kommisjonen eit program som seinare kan nyttast som grunnlag for å innleie framgangsmåtene for at ei sone eller eit oppdrettsanlegg i ei sone som ikkje er godkjend, kan få status som godkjend sone eller godkjent oppdrettsanlegg i ei sone som ikkje er godkjend, med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og/eller infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN). Ved kommisjonsvedtak 2003/634/EF⁽²⁾ vart dei programma som ulike medlemsstatar har lagt fram, godkjende og førde opp i ei liste.
- 2) Det sameinte kongeriket har ved brev av 28. mars 2007 søkt om godkjenning av det programmet som skal nyttast for at elva Ouse på nytt kan få status som godkjend sone med omsyn til VHS. Kommisjonen har granska det framlagde programmet og funne at det er i samsvar med føresegnene i artikkel 10 i direktiv 91/67/EØF. Programmet bør difor godkjennast og først opp i lista i vedlegg I til vedtak 2003/634/EF.
- 3) Finland har ved brev av 21. november 2006 søkt om lenging av godkjenninga av heile kystsona si som fri for VHS, bortsett frå sonene der det vert nytta særlege utryddingstiltak. Den dokumentasjonen som Finland har lagt fram, syner at denne sona oppfyller krava i artikkel 5 i direktiv 91/67/EØF. Alle kystområda på det finske

territoriet, bortsett frå soner der det skal nyttast særlege utryddingstiltak, vart rekna som frie for sjukdommen, og førde opp i lista over soner som er godkjende med omsyn til VHS, i vedlegg I til kommisjonsvedtak 2002/308/EF av 22. april 2002 om utarbeiding av lister over godkjende soner og godkjende oppdrettsanlegg med omsyn til hemoragisk virusseptikemi (VHS) eller infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN) eller begge desse fiskesjukdommane⁽³⁾. Det programmet for utrydding av VHS som skal nyttast i alle kystområda i Finland, bortsett frå den delen av programmet som omfattar soner der det skal nyttast særlege utryddingstiltak, er avslutta og bør difor strykast frå vedlegg I til vedtak 2003/634/EF.

- 4) Italia har ved brev av 11. januar 2006 søkt om godkjenning av det programmet som skal nyttast for at eit oppdrettsanlegg skal få status som godkjent oppdrettsanlegg i ei sone som ikkje er godkjend, med omsyn til VHS og IHN. Kommisjonen har granska det framlagde programmet og funne at det er i samsvar med føresegnene i artikkel 10 i direktiv 91/67/EØF. Programmet bør difor godkjennast og først opp i lista i vedlegg II til vedtak 2003/634/EF.
- 5) Programma som er nytta i sonene Val di Sole e Val di Non og Val Banale i den autonome provinsen Trento, og programmet som er nytta i sona Valle del Torrente Venina i regionen Lombardia, er no avslutta. Dei bør difor strykast frå vedlegg I til vedtak 2003/634/EF.
- 6) Vedtak 2003/634/EF bør difor endrast.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel I

Vedlegg I og II til vedtak 2003/634/EF vert bytte ut med teksta i vedlegget til dette vedtaket.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 217 av 22.8.2007, s. 36, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 42/2008 av 25. april 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 52, 21.8.2008, s. 6.

⁽¹⁾ TEF L 46 av 19.2.1991, s. 1. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 806/2003 (TEU L 122 av 16.5.2003, s. 1).

⁽²⁾ TEU L 220 av 3.9.2003, s. 8. Vedtaket sist endra ved vedtak 2006/685/EF (TEU L 282 av 13.10.2006, s. 44).

⁽³⁾ TEF L 106 av 23.4.2002, s. 28. Vedtaket sist endra ved vedtak 2007/345/EF (TEU L 130 av 22.5.2007, s. 16).

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 20. august 2007.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG I

«VEDLEGG I

PROGRAM SOM ER LAGDE FRAM FOR Å GJE SONER STATUS SOM GODKJENDE MED OMSYN TIL FISKESJUKDOMMENE VHS OG/ELLER IHN

1. DANMARK

DEI PROGRAMMA SOM VART LAGDE FRAM AV DANMARK 22. MAI 1995, OMFATTAR:

- nedbørfeltet FISKEBÆK Å,
- alle DELAR AV JYLLAND sør og vest for nedbørfelta til Storåen, Karup Å, Gudenåen og Grejs Å,
- alle DANSKE ØYAR.

2. TYSKLAND

DET PROGRAMMET SOM VART LAGT FRAM AV TYSKLAND 25. FEBRUAR 1999, OMFATTAR:

- ei sone i nedbørfeltet til «OBERN NAGOLD»,

3. ITALIA

3.1. DET PROGRAMMET SOM VART LAGT FRAM AV ITALIA FOR DEN AUTONOME PROVINSEN BOLZANO 6. OKTOBER 2001, ENDRA VED BREV AV 27. MARS 2003, OMFATTAR:

Zona Provincia di Bolzano

- Sona omfattar alle nedbørfelt i provinsen Bolzano.

Sona omfattar den øvre delen av ZONA VAL DELL'ADIGE, dvs. nedbørfelta til elva Adige, frå kjelda i provinsen Bolzano fram til grensa mot provinsen Trento.

(NB: Den nedre delen av ZONA VAL DELL'ADIGE er omfatta av det godkjende programmet til den autonome provinsen Trento. Dei øvre og nedre delane av denne sona skal reknast som éi epidemiologisk eining.)

3.2. DEI PROGRAMMA SOM VART LAGDE FRAM AV ITALIA FOR DEN AUTONOME PROVINSEN TRENTO 23. DESEMBER 1996 OG 14. JULI 1997, OMFATTAR:

Zona Val dell'Adige — den nedre delen

- Nedbørfeltet til elva Adige og kjeldene hennar innanfor territoriet til den autonome provinsen Trento, frå grensa mot provinsen Bolzano fram til demninga Ala (vasskraftverk).

(NB: Den øvre delen av ZONA VAL DELL'ADIGE er omfatta av det godkjende programmet til den autonome provinsen Bolzano. Dei øvre og nedre delane av denne sona skal reknast som éi epidemiologisk eining.)

Zona Torrente Arnò

- Nedbørfeltet til fjellelva Arnò, frå kjelda fram til demninga nedstrøms før staden der fjellelva Arnò og elva Sarca møtest.

Zona Varone

- Nedbørfeltet frå kjelda til elva Magnone fram til fossen.

Zona Alto e Basso Chiese

- Nedbørfeltet til elva Chiese, frå kjelda fram til demninga Condino, bortsett frå bassenga til fjellelvane Adanà og Palvico.

Zona Torrente Palvico

- Nedbørfeltet til elva Palvico, fram til betong- og steindemninga.

3.3. DET PROGRAMMET SOM VART LAGT FRAM AV ITALIA FOR REGIONEN VENETO 21. FEBRUAR 2001, OMFATTAR:

Zona Torrente Astico

- Nedbørfeltet til elva Astico, frå kjeldene (i den autonome provinsen Trento og i provinsen Vicenza, regionen Veneto) fram til demninga i nærleiken av Pedescala bru i provinsen Vicenza.

Den nedre delen av elva Astico, mellom demninga i nærleiken av Pedescala bru og demninga Pria Maglio, vert rekna som ei buffersone.

3.4. DET PROGRAMMET SOM VART LAGT FRAM AV ITALIA FOR REGIONEN UMBRIA 20. FEBRUAR 2002, OMFATTAR:

Zona Fosso de Monterivoso

- Nedbørfeltet til elva Monterivoso, frå kjeldene fram til Ferentillo-demningane.

3.5. DET PROGRAMMET SOM VART LAGT FRAM AV ITALIA FOR REGIONEN TOSCANA 23. SEPTEMBER 2004, OMFATTAR:

Zona Valle di Tosi

- Nedbørfeltet til elva Vicano di S. Ellero, frå kjeldene fram til demninga ved Il Greto ved landsbyen Raggioli.

3.6. DET PROGRAMMET SOM VART LAGT FRAM AV ITALIA FOR REGIONEN TOSCANA 22. NOVEMBER 2005, OMFATTAR:

Bacino del Torrente Taverone

- Nedbørfeltet til elva Taverone, frå kjeldene fram til demninga nedstraums frå oppdrettsanlegget Il Giardino.

3.7. DET PROGRAMMET SOM VART LAGT FRAM AV ITALIA FOR REGIONEN PIEMONTE 2. FEBRUAR 2006, OMFATTAR:

Zona Valle Sessera

- Nedbørfeltet til elva Sessera, frå kjeldene fram til demninga «Ponte Granero» i kommunen Coggiola.

3.8. DET PROGRAMMET SOM VART LAGT FRAM AV ITALIA FOR REGIONEN LOMBARDIA 21. FEBRUAR 2006, OMFATTAR:

Zona Valle del Torrente Bondo

- Nedbørfeltet til elva Bondo, frå kjeldene fram til demninga Vesio.

3.9. DET PROGRAMMET SOM VART LAGT FRAM AV ITALIA FOR REGIONEN LOMBARDIA 22. MAI 2006, OMFATTAR:

Zona Fosso Melga — Bagolino

- Nedbørfeltet til elva Fosso Melga, frå kjeldene fram til demninga der Fosso Melga møter elva Caffaro.

4. *FINLAND*

4.1. DET PROGRAMMET FOR UTRYDDING AV VHS SOM INNEHELD SÆRLEGE UTRYDDINGSTILTAK, OG SOM FINLAND HAR GJORT GREIE FOR I BREV AV 27. MARS OG 4. JUNI 2002, OG 12. MARS, 12. JUNI OG 20. OKTOBER 2003, OMFATTAR:

- provinsen Åland,
- det området i Pyhtää som er underlagt restriksjonar,
- det området i kommunane Uusikaupunki, Pyhäranta og Rauma som er underlagt restriksjonar.

5. *DET SAMEINTE KONGERIKET*

5.1. DET PROGRAMMET FOR UTRYDDING AV VHS SOM DET SAMEINTE KONGERIKET HAR LAGT FRAM 28. MARS 2007, OMFATTAR:

- Elva Ouse, frå kjeldene fram til den normale tidevassgrensa ved Naburn (sluse og demning).
-

*VEDLEGG II***PROGRAM SOM ER LAGDE FRAM FOR Å GJE OPPDRETTSANLEGG I SONER SOM IKKJE ER GODKJENDE, STATUS SOM GODKJENDE OPPDRETTSANLEGG MED OMSYN TIL FISKESJUKDOMMENE VHS OG/ELLER IHN**1. *ITALIA*

- 1.1. DET PROGRAMMET SOM VART LAGT FRAM AV ITALIA FOR PROVINSEN UDINE I REGIONEN FRIULI VENEZIA GIULIA 2. MAI 2000, OMFATTAR:

Oppdrettsanlegg i nedbørfeltet til elva Tagliamento:

- Azienda Vidotti Giulio s.n.c., Sutrio

- 1.2. DET PROGRAMMET SOM VART LAGT FRAM AV ITALIA FOR REGIONEN CALABRIA 11. JANUAR 2007, OMFATTAR:

Oppdrettsanlegg i nedbørfeltet til elva Noce:

- Pietro Forestieri-Tortora (CS) Loc. S. Sago.»
-